MODALEN KOMMUNE

# Møteprotokoll
# for
# Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 22.10.2020
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

| **Frammøtte medlemmer** | **Parti** | **Rolle** | Merknad |
|---|---|---|---|
| Kjetil Eikefet | SA | Ordførar | |
| Liv Anne Aanesen | SA | Medlem | |
| Håvard Engeseth | SO | Medlem | |

| **Forfall meldt frå medlem:** | **Parti** | **Rolle** | Merknad |
|---|---|---|---|
| Ann-Jorunn Farestveit | SO | Varaordførar | Meldt forfall |
| Kristin Nåmdal | SA | Medlem | Meldt forfall |

| **Frammøtte varamedlemmer:** | **Parti** | **Rolle** | Merknad |
|---|---|---|---|
| Robert Helland | SO | Varamedlem | Vara for Ann-Jorunn Farestveit |
| Anne Britt Almelid | SA | Varamedlem | Vara for Kristin Nåmdal |

| **Frå administrasjonen:** | **Funksjon:** | **Rolle** | Merknad |
|---|---|---|---|
| Jo Bjarte Tømmerbakke | Rådmann | Administrasjon | |
| Ove Sæbø | Assisterande rådmann | Administrasjon | |

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 010/2020 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 011/2020 | Godkjenning av  møteprotokoll |
| 012/2020 | Orienteringssaker |
| 013/2020 | Søknad om tilskot og lån - Testlab Vest AS |
| 014/2020 | Tilskot frå næringsfondet til kjøp av fylltømmar gbnr. 80/1 Ffarestveit |

**Notat frå møtet:**

010/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

011/2020: Godkjenning av  møteprotokoll

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

012/2020: Orienteringssaker

Behandling:
Ass. rådmnn Ove Sæbø orienterte om følgande saker som er administrativt handsama:

- SeaCamp AS har fått innvilga  koronatilskot på kr. 10 000,-
- Låvebakeret har fått avslag på søknad om krornatilskot.
- Modalen pensjonat har fått avslag på søknad om koronatilskot.

Løyvingar som går under særlege tilskotsordningar for landbruket i Modalen.
- Håkon Nåmdal har fått kr. 50 000,- i tilskot og kr. 32 000.- i lån. Føremål: traktor.
- Ole K. Ø. Helland har fått kr. 10 000,- i tilskot. Føremål: traktorhengar.
- Håkon Nåmdal har fått kr. 14 000,- i tilskot. Føremål: forhaustar/hengar.
- Knut Farestveit har fått kr. 28 200,- i tilskt: Føremål: traktor

Det vart i tillegg orientert om følgande:
Modalen kommune har fått kr. 357 243,-  i løyving frå Vestland fylkeskommune som er øyremerkt kommunale næringsfond. Modalen kommune har lagt søknadsprosessen inn under regionalforvaltning.no (søknadsportal) med søknadsfrist 30. oktober. Informasjon er sendt ut gjennom kommunen si heimeside og facebook. I tillegg er regionalforvaltning.no ein kjent portal for næringsaktørar å undersøkje aktuelle stønadsordningar.
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Sakene vert tekne til orientering

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

013/2020: Søknad om tilskot og lån - Testlab Vest AS

Behandling:
Oddbjørn Trohaug orienterte om søknaden og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Modalen kommune løyver kr. 371 250,- i lån og kr. 371 250,- i tilskot i næringsfondstønad til Testlab Vest AS. Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
2. Før utbetaling skal søkjaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslag/budsjett.
3. Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til næringsfondsstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
4. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 - 2021 ligg til grunn for løyvinga.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

014/2020: Tilskot frå næringsfondet til kjøp av fylltømmar gbnr. 80/1 Ffarestveit

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:
**Næringsfondstyret i Modalen løyver kr: 99 200,- i tilskot og kr: 65 968,- i lån til Ann Jorunn Farestveit til kjøp av ny fylltømmar på GBNR 80/1 på Farestveit . Godkjent kostnad er kr 496 000. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad**

**Vilkår for utbetaling:**

**1. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.**

**2. Før utbetaling skal mottakar ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsførar.**

**3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.**

**4. Tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.**

---